

Kva skjer? Me vil gjerne ha tips om stort og smått som hender i Time, Klepp og Hå innan musikk, song, teater, utstillingar og andre arrangement i privat eller offentlig regi, eller på skular og barnehagar.

KRINGSJÅ

Kontakt Jærbladet
e-post: redaksjon@jbl.no,
telefon 51 77 99 00,
vakttelefon 40 007 900, fax 51 48 37 40.
Tips blir honorert med Flax-lodd.



TIDLEG UTE: Fredrik Kåstad (to månadar) er med mor Marianne på øvingane. Camilla E. Ystanes har regien og instruerer.



DRAMATISK: Det er både pistolskot og truslar med sverd i Ludvig Holbergs stykke. Folk frå 18 til 60 år står på scenen på Undheim.

Pistolskot, pølser og potetstappa

Fredrik (to månadar) driv og blir vant til lyden av pistolskudd. Det er revytid på Undheim.

BRIT ROMSBOTN | tekst og foto
br@jbl.no

Undheim Revyteater har 20 års jubileum i år, og dette blir markert med tre ulike oppsetningar frå hausten 2007 til hausten 2008. «Hexeri eller blind alarm» heiter forestillinga som har premiere på skotårsdagen, fredag 29. februar. Dette er den andre av dei tre oppsetningane.

– Mätte vera med

Det er laurdag og aktiviteten er høg. I salen i samfunnshuset luktar det måling etter arbeid med kulissane. Frå klokka 12 til klokka 18 er revyfolket samla i samfunnshuset. Midt i øvingsøkta er det middag med pølser og potetstappa.

Fredrik Kåstad er berre to månadar, men ingen fersking i revylivet. I dag driv han og blir vant med lyden av pistolskot. Slik blir det når mor, Marianne Haga Kåstad, er ein av 15 skodespelarar.

– Me har hatt intensive øvingar sidan han var tre veker gammal. Øvingane varer så lenge at Fredrik ikkje kan vera igjen heime. Han må jo ha mat, fortel mora, som bur på Bryne og som arbeider som lærar ved skulen på Undheim.

– Eg har vore med i alle revyane sidan 1999, og første gongen var eg høggravid. Me har fire barn, og alle har vore med på revy; -dei fleste inne i magen. Eg vurderte å bli heime denne gongen. Men eg tykkjer det er så skjett at eg måtte



ØPNINGSSCENE: Det er fest når skodespelartruppen kjem til byen. Fredag 29. februar har Undheim Revyteater premiere på komedien «Hexeri eller blind alarm».

vera med, seier Marianne Haga Kåstad.

Øving i vinterferien

«Hexeri eller blind alarm» er ein komedie, skriven av Ludvig Holberg og bearbeidd av Gunnar

Staalesen. Her møter me Leander som leiar ei skodespelartrupp. Han blir mistenkt for å vera trollmann, og han held sjølv liv i ryktet fordi han av økonomiske årsaker blir frista til å spela rollen som trollmann.

– Dette er første dagen me spelar gjennom heile stykket. Tidlegare har me øvd på scene for scene. Men det går fint, og eg reknar med at eg vil sova godt i natt og, seier Camilla E. Ystanes, instruktør og ansvarleg for regien.

Ho meiner den tidlege påsken som er i år, øydelegg litt for mange revy- og teatergrupper.

– Difor må me ta vinterferien til hjelp. Men det går heilt fint, alle er innstilte på at det må bli litt øving, seier Ystanes.